



# FREMMEDSPRÅKSENTERET

NASJONALT SENTER FOR FREMMEDSPRÅK I OPPLÆRINGEN

## **Samordna opptak 2017: Talet på studentar som vel framandspråk aukar for andre året på rad.**

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa - Notat 4/2017

Samordna opptak har publisert søknadstala for studieåret 2017/2018<sup>1</sup>. 135.587 personar søkte høgare utdanning i 2016. Det er 3 566 fleire søkjarar enn i 2016 og er ei auke på 2,7 %. Søkjartalet har stige jamt dei siste åra.

Som vanleg tuftar Framandspråksenteret statistikken sin på delen søkjarar som har framandspråk som fyrsteval. Talet inkluderer årsstudium, bachelorgradar og lektorutdanningar med framandspråk i fagkrinsen. Dei fleste språkstudia er ikkje reine språkstudium, men inneheld òg andre fag som til dømes områdestudium, historie, litteraturhistorie og liknande.

Ikkje alle språk er teke med i statistikken. Utvalet er basert på språka med høgst søkjartal over tid. Difor er språk som polsk, swahili, sanskrit, persisk, nederlandsk og fleire ikkje med i statistikken. Dei lokale opptaka, mellom anna til masterstudium, er ikkje synlege i Samordna opptak sin statistikk og er heller ikkje teke med. Difor er tala i denne analysen truleg lågare enn dei verkelege tala. Det er difor ikkje mogleg å seie heilt eksakt kor mange studentar som vel framandspråk i Noreg i dag.

Det vi derimot kan sjå, er utviklinga over tid. Framandspråksenteret nyttar dei same utdanningane<sup>2</sup> i statistikken sin, og når vi ser på dei samla kan vi sjå ei gledeleg utvikling:


- Fleire vel framandspråk i høgare utdanning
- Dei aller fleste framandspråka veks i søkjartal
- Dei siste åra har studieplassar i framandspråka vore i vekst, sjølv om talet på plassar kan variere frå år til år, spesielt i dei mindre underviste språka

---

<sup>1</sup> <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2017/index.html>

<sup>2</sup> Faga som er lagt til grunn for statistikken finn ein sist i notatet


## Ei positiv utvikling



Tabell 1

Samstundes som talet på studentar aukar kvart år, aukar òg delen studentar som har eit framandspråk som fyrsteval. Dette talet er basert på utvalet av fag i Framandspråksenteret sin statistikk. På grunn av at fleire små språk og lokale opptak ikkje er teke med, er det verkelege talet difor truleg høgare, nærare 4 %. Ein kan likevel sjå ei gledeleg stiging.


## Fleire vel engelsk



Tabell 2

Engelsk er det største av språkfaga i høgare utdanning i Noreg og har vore det i lang tid. Engelsk er nesten tre gonger så stort som nummer to på lista, som er spansk. Engelsk er òg eit av språka som er i raskast vekst, både i prosenttal og i reine studenttal.


### Spansk er størst som i grunnutdanninga, men fransk er meir populært enn tysk i høgare utdanning



Tabell 3

Spansk skil seg klart ut som det største av framandspråka. Mange av studieløpa med spansk inneheld òg latinamerikanske studium, og difor dekker faget eit breitt område. Spansk er òg det mest populære språket i grunnutdanninga, og difor verker det naturleg at det og er det største i høgare utdanning. I år kan vi sjå at talet på søkjarar til spansk minkar, men det er fortsatt det klart største framandspråket før fransk og tysk.


Når vi ser på nummer to på lista snur rollane seg derimot om: I grunnutdanninga ein klar nummer tre når det kjem til talet på elevar, medan tysk er nesten like stort som spansk. I høgare utdanning er det derimot fransk som er det mest populære av dei to språka, slik vi kan sjå av tabell 3. Begge språka fortset aukinga si frå i fjor.



Tabell 4

Italiensk er det største av dei mindre europeiske språka. Portugisisk opplevde ein topp i søkjartalet for 2014, men dei tre siste åra har talet på søkjarar gått ned. Nedgangen for dei klassiske språka<sup>3</sup> fortset å auke frå i fjor. For samisk varierer fagtilbodet frå år til år ved Sami Allaskuvla, noko som ein kan sjå i statistikken.


#### Teiknspråk er eit populært fagval



<sup>3</sup> Gresk, latin og klassiske fag vert rekna som eit fag i dette notatet. Det er òg eit eget fag med si eiga læreplan i grunnutdanninga. Sjå statistikk nedst.

Teiknspråk vert rekna som eit framandspråk i norsk skule og har lenge vore eit av dei største språka i høgare utdanning, føre både tysk, fransk, japansk og andre språk. Både faga «Teiknspråk» og «Teiknspråk tolking» er populære studieretningar blant søkjarane.

### Alle dei ikkje-europeiske språka aukar og kinesisk doblar søkjartalet




Tabell 5

I år aukar alle dei ikkje-europeiske språka i søkjarar for første gong på mange år. Japansk er fortsatt det mest populære ikkje-europeiske språket i høgare utdanning. I mange år har japansk til og med hatt fleire søkjarar enn tysk.

Kinesisk er eit framandspråk i sterk vekst i grunnutdanninga, medan talet på søkjarar på universitetsnivå har gått jamt nedover dei siste åra fram til i år kor søkjartalet har dobla seg. Kinesisk vert undervist på universiteta i Bergen og Oslo, men Universitetet i Bergen tilbyr berre kinesisk annakvart år. Det er først og fremt ei dobling i søkjarar i Oslo som trekk kinesisk opp i år.


## Auking i studieplassar



Tabell 6

Dette notatet har hatt fokus på talet studentar som har framandspråk som fyrsteval. I fjor så vi ein stopp i aukinga av studieplassar, men den fortsett i år. Statistikken som har vore nytta i dette notatet kan du lese under.

Øystein N. Øksenvåg  
Rådgjevar for austasiatiske språk og språkval  
Halden, april 2017



Alle tala under er henta frå Samordna opptak:

Lærestad	Studium	Studieplassar	Søklarar	Forhold
<b>Engelsk</b>				
Universitetet i Oslo	Engelsk, årsstudium		55 294	5.3
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Bø, årsstudium, deltid		20 251	12.5
Universitetet i Agder	Lektorutdanning med engelsk i første studieår		12 31	2.6
Høgskulen i Volda	Engelsk, deltid		5 21	4.2
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Horten, årsstudium		10 42	4.
Universitetet i Oslo	Lektorprogrammet, engelsk		40 103	2.6
Universitetet i Bergen	Engelsk, årsstudium		27 88	3.3
Høgskolen i Oslo og Akershus	Grunnskolelærerutdanning 5.-10. trinn - engelsk		53 118	2.2
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/engelsk for trinn 8-13		45 84	1.9
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Engelsk, årsstudium		55 158	2.9
Universitetet i Stavanger	Engelsk		60 99	1.6
Universitetet i Agder	Översetting og interkulturell komm., engelsk		30 37	1.2
Universitetet i Oslo	Engelsk, bachelor		103 166	1.6
Høgskulen på Vestlandet	Grunnskolelærer 5.-10. trinn, engelsk		28 52	1.9
Universitetet i Stavanger	Engelsk språk og litteratur		20 46	2.3
Høgskulen i Volda	Engelsk		25 37	1.5
Høgskolen i Østfold	Engelsk		55 63	1.1
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, engelsk		35 43	1.2
Høgskolen i Innlandet, studier i Hedmark	Engelsk		25 48	1.9
Nord universitet	Engelsk, Bodø, årsstudium		20 31	1.5
Universitetet i Agder	Engelsk, årsstudium		70 87	1.2
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Engelsk, bachelor		60 64	1.1

Universitetet i Bergen	Engelsk, bachelor	65	87	1.3
Nord universitet	Engelsk, Bodø, bachelor	20	14	0.7
Høgskulen på Vestlandet	Engelsk, Sogndal	25	19	0.8
UiT Norges arktiske universitet	Engelsk	50	44	0.9
Høgskulen på Vestlandet	Engelsk, Stord	20	21	1.0
Universitetet i Agder	Engelsk, bachelor	40	41	1.0
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Horten, bachelor	10	22	2.2
Universitetet i Bergen	Lektorutdanning i engelsk	18	75	4.2
Høgskulen på Vestlandet	Grunnskolelærer 1.-7. trinn, engelsk	28	44	1.6
Høgskolen i Sørøst-Norge	Engelsk, Bø, årsstudium	20	22	1.1
Nord universitet	Engelsk, Levanger, årsstudium	25	18	0.7

## Tysk

Høgskolen i Østfold	Tysk	80	128	1.6
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/tysk for trinn 8-13	7	5	0.7
Universitetet i Bergen	Tysk, årsstudium	8	11	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tysk, bachelor	7	5	0.7
Universitetet i Oslo	Tysk, årsstudium	45	62	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tysk, årsstudium	20	31	1.5
Universitetet i Oslo	Tysk, bachelor	17	27	1.6
Universitetet i Bergen	Tysk, bachelor	10	10	1.0
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, tysk	5	9	1.8
Universitetet i Agder	Tysk	25	13	0.5
Universitetet i Bergen	Lektorutdanning i tysk	7	5	0.7

## Uspesifikke lektorprogram

Universitetet i Oslo Lektorprogrammet, fremmedspråk 25 50 2.0

## Fransk

Universitetet i Oslo	Fransk, årsstudium	35	96	2.7
Universitetet i Bergen	Fransk, årsstudium	10	24	2.4
Høgskolen i Østfold	Fransk	80	67	0.8
Universitetet i Bergen	Fransk, bachelor	10	11	1.1
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk, årsstudium	25	19	0.8
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk med fagdidaktikk	20	81	4.0
Universitetet i Oslo	Fransk, bachelor	40	40	1.0
Universitetet i Agder	Fransk	25	13	0.5
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, fransk	5	7	1.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Fransk, bachelor	7	12	1.7
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Lektorutdanning språkfag/fransk for trinn 8-13	7	4	0.6
Universitetet i Bergen	Lektorutdanning i fransk	7		



## Spansk

Høgskolen i Østfold	Spansk	90	137	1.5
Universitetet i Oslo	Spansk, årsstudium	52	102	2.0
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Spansk, bachelor	10	16	1.6
Universitetet i Oslo	Spansk, bachelor	33	40	1.2
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Spansk, årsstudium	30	67	2.2
Universitetet i Bergen	Spansk språk og latinamerikastudier, årsstudium	10	28	2.8
Universitetet i Agder	Spansk	35	16	0.5
Universitetet i Bergen	Spansk språk og latinamerikastudier, bachelor	30	31	1.0
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Europastudier med fremmedspråk, spansk	10	11	1.1
Høgskolen i Sørøst-Norge	Spansk	40	86	2.1

## Andre språk

Høgskolen i Oslo og Akershus	Tegnspråk	25	110	4.4
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tegnspråk	20	87	4.3
Høgskolen i Oslo og Akershus	Tegnspråk og tolking	25	62	2.5
Høgskulen på Vestlandet	Tegnspråk og tolking	24	39	1.6
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Tegnspråk og tolking	25	28	1.1
Universitetet i Bergen	Russisk	15	34	2.3
Universitetet i Oslo	Russisk, bachelor	25	62	2.5
Universitetet i Oslo	Russisk, årsstudium	50	96	1.9
Universitetet i Oslo	Italiensk, bachelor	15	17	1.1
Universitetet i Oslo	Italiensk, årsstudium	30	63	2.1
Universitetet i Bergen	Italiensk	12	14	1.2
Universitetet i Oslo	Portugisisk	15	11	0.7
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Antikkens kultur og klassiske fag	10	14	1.4
Universitetet i Oslo	Antikkens kultur	14	37	2.6
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	Latin	10	8	0.8
Universitetet i Oslo	Klassiske språk	13	13	1.0
Universitetet i Oslo	Japansk med Japan-studier	60	145	2.4
Universitetet i Bergen	Japansk	25	89	3.6
Universitetet i Oslo	Kinesisk med Kina-studier	60	96	1.6
Universitetet i Oslo	Midtøsten-studier med arabisk	60	158	2.6
Universitetet i Bergen	Arabisk	15	39	2.6
Sámi allaskuvla / Sámi University College	Samisk barnehagelærerutdanning	15	6	0.4
Sámi allaskuvla / Sámi University College	Samisk språk og litteratur	15	11	0.7
Universitetet i Bergen	Kinesisk	20	32	1.6

Tala under er henta frå Samordana opptak og Framandspråksenteret sine tidligere notat om språkval. Sjå <http://www.fremmedspraksenteret.no/nor/fremmedspraksenteret/sprakvalg-1/statistikk-og-analyse> for fleire notat:

Søkjjarar/plassar	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Engelsk	2370/1174	2143/1134	1908/1095	1781/1112	1739/1013	1742	1622	1481
Tysk	306/231	284/193	192/182	234/172	224/155	204	191	145
Fransk	374/271	328/205	281/205	300/193	315/182	340	310	267
Spansk	534/340	587/350	529/293	466/259	420/256	441	505	452
Lektorprogram med framandspråk	50/25	126/67 <sup>4</sup>	192/107	206/107	172/83	5		
Samisk	17/30	43/32	12/40	45/34	21/44	10/12		
Teiknspråk	326/119	315/119	231/141	265/119	241/126	289/106		
Russisk	192/90	169/103	134/108	121/88	97/95	114/73		
Italiensk	94/57	111/53	97/55	106/48	48/40	50/40		
Portugisisk	11/15	16/15	42/23	62/23	27/15	34/15		
Antikk, kultur og klassiske språk (gresk, latin)	72/47	47/32	39/40	59/68	81/60	62/57		
Japansk	234/85	204/98	223/100	209/85	194/85	193/90		
Kinesisk	128/80	59/60 <sup>5</sup>	106/80	89/60	144/80	121/50	124/50	
Arabisk	197/75	183/65	147/60	135/58	147/60	129/60		
Studieplassar	2635	2526	2529	2426	2294			
Søkjjarar totalt	135 587	132 021	127 929	119 900	117 200	115 800		
Søkjjarar til framandspråk	4905	4615	4270	4078	3870	3667		
Prosentdel som søker framandspråk	3,61	3,50%	3,34%	3,40%	3,30%	3,17%		

<sup>4</sup> Lektorprogrammet i framandspråk på UiO har blitt delt i to: Med engelsk og med framandspråk

<sup>5</sup> Lektorutdanninga er her inkludert i språka

<sup>6</sup> Studentar vert ikkje tekne opp til kinesisk i Bergen studieprogrammet i 2016.